



STRAND KOMMUNE

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 Stavanger

Deres ref.	Vår ref.	JournalpostID:	Arkivkode	Dato
	14/1162 - 51	16/14483	026	21.06.2016

Kommunereforma - prinsippdokument for samanslåing av Forsand kommune og Strand kommune

Kommunestyret - 049/16:
Det er fattet følgende vedtak i saken:

Strand kommunestyre godkjenner det framlagde prinsippdokumentet som grunnlag for samanslåing av Forsand kommune og Strand kommune til ein ny kommune frå 01.01.2020.

Viser ellers til vedlagte sak.

Med hilsen

Jon Ola Syrstad

Kopi til:

Vedlegg:

Acos.Møte.Application.Document.ContentInformation.VedtaksbrevMedSakspapirContentInformation

Saksframlegg

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jon Ola Syrstad	026	14/1162

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/16	Kommunestyret	PS	15.06.2016

Kommunereforma - prinsippdokument for samanslåing av Forsand kommune og Strand kommune

Rådmannens forslag til vedtak:

Strand kommunestyre godkjenner det framlagde prinsippdokumentet som grunnlag for samanslåing av Forsand kommune og Strand kommune til ein ny kommune frå 01.01.2020.

Jørpeland 07.06.2016

Jon Ola Syrstad
rådmann

Kommunestyret - 049/16

KOM - behandling:

Det ble ikke lagt fram andre forslag til vedtak.

Rådmannens innstilling til vedtak ble **enstemmig** vedtatt.

KOM - vedtak:

Strand kommunestyre godkjenner det framlagde prinsippdokumentet som grunnlag for samanslåing av Forsand kommune og Strand kommune til ein ny kommune frå 01.01.2020.

Saksopplysninger:

Vedlegg:

Prinsippdokument Forsand-Strand 05.06.16

Samandrag

Saka gjeld godkjenning av det prinsippdokumentet for kommunesamanslåing av Strand kommune og Forsand kommune som er forhandle fram. Rådmanne tilrår at prinsippdokumentet blir godkjent.

Fakta

Forhandlingsdelegasjonane frå Forsand kommune og Strand kommune hadde møte den 02.06.2016 for å drøfte prinsippa for ei kommunesamanslåing mellom dei to kommunane. På grunnlag av drøftingane er det arbeidd ut eit prinsippdokument som kan leggest til grunn dersom det blir ei samanslåing av dei to kommunane – sjå vedlegg. Det var felles møte for dei to formannskapa den 07.06.2016.

Prinsippdokumentet har mellom anna desse hovudpunkta:

- Kommunenamnet blir Preikestolen kommune
- Kommunesenteret blir Jørpeland
- Kommunevåpenet blir ein silhuett av Preikestolen
- Kommunestyret skal ha 31 representantar, formannskapet 11
- Kommunen skal ha to hovudutval, Levekår og Kultur og samfunn
- Kommunen skal ha eigedomsskatt på «Verk og bruk»
- Kommunen skal ikkje ha eigedomsskatt på andre næringseigedomar, bustad- og fritidseigedomar etter en overgangsperiode for Strand kommune på inntil to år
- Kommunen skal vere aktiv pådrivar for realisering av Espedal-Frafjord, gang- og sykkelveg Jørpeland-Tau-Nordmarka, gang- og sykkelveg Tau - Bjørheimsbygd og betre kollektivtrafikktilbod
- Kommunen skal sikre at 50 mill kroner som Forsand kommune har avsett til Espedal – Frafjord blir vidareført
- Kommunen skal vere aktiv pådrivar for utvikling av reiselivsnæring
- Kommunen skal legge til rette for at private kan drive ferjetrafikk Lauvvik-Oanes
- Kommunen skal ha tenester som barnehage, skule, SFO, sjukeheim osv der folk bur
- Kommunen skal ha spesialiserte tenester samla i sterke fagmiljø
- Kommunen skal ha Servicetorg i Forsand
- Rådhuset på Jørpeland og kommunehuset på Forsand skal nyttast som arbeidsplass for kommunalt tilsette
- Politisk og administrativ leiing skal vere i Rådhuset på Jørpeland
- Dei tilsette skal ha tilsettingsgaranti i to år etter etablering av den nye kommunen 01.01.2020
- Fellesnemnda for etablering av den nye kommunen skal ha tre representantar frå Forsand og fire frå Strand.

I høve til det utkastet til intensjonsavtale som var utarbeidd i 2015 for samanslåing mellom Hjelmeland, Strand og Forsand kommunar er det nokre viktige forskjellar:

- Infrastruktur og utviklingsfondet, 30 mill kroner pr år er ikkje ein del av

- prinsippdokumentet
- Tilskotsordning for Eigedomsskattemidlar til utkantane, 2,5 mill kroner årleg, er ikkje ein del av prinsippdokumentet
- Eigedomsskatten blir ikkje harmonisert til 7 promille for næringsseigedomar, verk og bruk og 2 promille for bustad- og fritidseigedomar. Eigedomsskatten blir etter prinsippdokumentet avgrensa til eigedomsskatt på «verk og bruk» med ein overgangsperiode på inntil to år for skattlegging av eigedomar i noverande Strand kommune.

Lovar, føresegner, rundskriv

Inndelingslova

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Sak KOM 28/15, Ny kommunestruktur – status og rapportering

Sak KOM 20/16, Kommunereforma – status og vidare arbeid

Sak KOM 42/16, Kommunereforma – Strand kommune

Innkome uttalar

Barn og unge

Naturmangfaldlova §8-12

Alternative løysingar med konsekvensar

Vurdering og konklusjon

Strand kommune har gjennom heile kommunereformprosessen vore positiv til samanslåing med grannekommunane Forsand og Hjelmeland. Hjelmeland kommune har vedtatt å ikkje vere med i sluttforhandlingar om etablering av ein ny kommune. Det framlagde prinsippdokumentet om samanslåing av Forsand og Strand er etter rådmannens vurdering i tråd med dei intensjonane Strand kommune har hatt og mykje i samsvar med dei prinsippa for ein ny kommune som Strand kommune har slutta seg til, sist i vedtak i kommunestyret 27.04.2016 – sak 20/16.

Prinsippdokumentet krev at den nye kommunen ikkje har eigedomsskatt på anna enn «verk og bruk». Kommunen kan truleg ha ei overgangsordning for innkrevjing av eigedomsskatt frå eigedomar i noverande Strand kommune i inntil to år. Eit inntektsgrunnlag som i dag utgjer om lag 30 mill kroner fell då bort. Vi må likevel sjå dette opp mot store inntekter relatert til kraftproduksjonen i Forsand kommune gjennom eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgift og inntekter frå sal av konsesjonskraft. Det siste elementet vil bli vesentleg større med eit høgare innbyggartal i den kommunen som har kraftproduksjonen, samla om lag 10 – 17 mill kroner. Vidare er føresetnaden om å bruke 30 mill årleg til oppbygging av Infrastruktur- og utviklingsfondet og 2,5 mill kroner til Eigedomsskattemidlar til utkantane ikkje ein del av dette prinsippdokumentet. Slik sett er finansieringa av ny kommune ikkje svekka i høve til føresetnadene som låg inne i intensjonsavtaleutkastet frå 2015.

Strand og Forsand kommunar har mykje til felles i historie og kultur, geografi og natur, næringsstruktur og transportmønster. Kommunane har og har hatt eit godt samarbeid på mange felt. Strand og Forsand er ein felles bu- og arbeidsregion og har Jørpeland som naturleg regions- og handlesentrum.

Etter rådmannens vurdering gir det framlagde prinsippdokumentet eit godt grunnlag for etablering av ein ny kommune med gode tenester, høg kompetanse, sterke fagmiljø og utviklingskraft på dei fleste kommunale oppgåveområde. Ved 2 % årleg vekst i folketallet dei komande åra vil den nye kommunen ha om lag 15000 busette når den blir etablert. Den nye kommunen vil ha økonomisk og kompetansemessig styrke til å kunne løyse noverande oppgåver og til å ta imot nye oppgåver. Prinsippdokumentet legg etter rådmannens vurdering også til rette for at den nye kommunen kan bli ein sterk og god lokalpolitisk arena.

Rådmannen tilrår at Strand kommunestyre godkjenner det framlagde prinsippdokumentet som grunnlag for samanslåing av Forsand kommune og Strand kommune til ein ny kommune frå 01.01.2020.